

Ein týðandi boðskapur

ÁRSINS PRÆDIKA
Jan Müller

Tað kemur meira enn so fyri, at prædikur koma á prent í føroysku bløðunum. Hetta hendir, tá prestur hevur nortið við okkurt ávíst aktuelt evni ella hevur dugað frágæra væl at finna sær leiðina til innastu hjartarøtur okkara. Oftani eru tað kirkjugangarar, sum tá venda sær til bløðini og heita á blaðleiðsluna um at fáa ta ávísu prædikuna uppá prent, tí teir halda, at hon var so góð, hon var so aktuell, hon rakti í plett tað, sum eru frammi í tíðini ella sum teir meta so høgt.

Undirritaði var so heppin nakað herfyri at hoyra prædiku úr Trefoldighedskirken í Oslo við Berge Furre. Hon var ein av teimum, sum bergtók og sum tú veruliga festi teg við. Sum gav tær nakað at hugsa um.

Tað var um tað mundið, tá klokkan skuldi flytast ein tíma. Sjalvur plagi eg av og á at lurta eftir prædikuni í Útvarpinum sunnumorgnar. Henda dagin eg tændraði útvarpið var einki at hoyra. Helt tað vera løg- ið, at eingin var komin til arbeiðis ein sunnumorgun. Men tað hevði sína góðu orsök. Flutti so meira og minni av tilvild yvir á »Norðmannin«. Har var beinleiðis gudstænasta úr Trefoldighedskirken í Oslo. Ein Berge Furre prædikaði og var tað sum prædikan alt fyri eitt fangaði ein. Her var nakað tú ikki var so vanur at hoyra í føroyskum kirkjum, tó við onkrum undantøkum. Minnist t.d. væl eina líknandi prædiku í kirkjuni í Dali, tá Bergur Jacobsen var í velmaktini har og megnaði at múlabinnda alt kirkjufólkið við sínum oftani sera viðkomandi menniskjanslugu og humanistisku prædikum.

Aftur til »Norðmannin« henda vakra sunnumorgun í heyst. Jú præd-

ikan hjá Berge Furre, einum fyrrverandi sosialistiskum politikara og søgu- og kirkjumanni dróg sum ein magnet. Hon rakti við so nógv av tí, sum vit dagliga verða bombarderað við í miðunum men sum oftani bara fer framvið – uttan at vit leggja stórt meira í tað enn annað í gerandisdegnum.

Sjalvur helt eg hesa prædiku vera so realistiska og so sigandi fyri okkum í Føroyum eisini, at eg fór telefonina og í hinum endanum var eingin annar enn Berge Furre. Hann gjørdist ikki sørt kløkkur av at frætta, at tað vóru fólk í Føroyum, sum høvdu hoyrt sína prædiku.

Segði honum at norska útvarpið átti innivist í mongum føroyskum heimi. Vit avtalaðu, at prædikan kundi koma á prent í Sosialinum. Havi síðani biðað eftir einum høvi og helt so nýggj-árið verða eitt kærkomið høvi: har vit netupp hyggja í bakspeglið og gera okkum greitt, hvat er hent og hvussu støðan er í dagsins samfeløgum. Har vit seta spurningar um tilveruna, um nútíðina, um framtíðina, men har vit sum heimsborgarar kanska gloyma at spyrja: hví so mong liva í armóð og fátækraðømi og onnur í ófatilugum ríkidømi, hví mannarættindi verða brotin osfr. Hetta eru spurningar, sum eg sjalvur kundi hugsað mær í stórri mun enn í dag fingi innivist í okkara egnu kirkjum.

Kanska óvanliga prædikan hjá Berge Furre kundi verið íblástur hjá onkrum presti ella prædikumanni ella øðrum við her á landi.

Við hesum orðum loyvi eg mær at takka Berge Furre fyri at hava fingið loyvi at prenta hansara frálíku prædiku.

Jorda er Guds – jorda tilhøyrer alle

Dei fattige på jorda, dei er det krossfeste folket. Dei skal resast opp - av Gud som sprengjer våre tronge grenser og våre sjølv-nøgde omgrep om tru, om moral, om rett. Dei ber krossmerket på sin rygg – dei deler sin kross med den krossfeste frelsar. Dei får lovnad om billett til Guds store bankett for dei uventa gjester

PRÆDIKA

Berge Furre


Preike på Bots- og bededag år 2000. Trefoldighetskirken i Oslo.

Kjære kyrkjelyd. Det er bots og bededag - og det er ingen triveleg dag. Og preiketeksta er inga triveleg tekst. Eg ville mykje heller stått her og vore ein blid og rund folkekyrkjeprest med ei snill tekst om at Gud elskar oss. Det kunne blitt så hyggeleg. Men dagens tekst er ikkje slik. Ho rårar – ho rårar meg – og ho svir. Teksta handlar om å bli stengde ute – frå Guds rike, frå fellesskap med Gud. Ho handlar om å forspilla sitt liv. Ho handlar om utestenging – av oss, vi som er i kyrkja idag. Og ho handlar om å opna for heilt andre. Vi les frå evangeliet etter Lukas det 13. Kapitlet. Vi reiser oss.

»Då var det ein som spurde: »Herre, er det få som vert frelste?« Han sa til dei:

Strid alt de kan for å koma inn gjennom den tronge døra! Mange, seier eg dykk, skal freista å koma inn, men ikkje greia det. Når husbonden fyrst har reist seg og stengt døra, og de står utanfor og bankar på og seier: »Herre, lat opp for oss!« då skal han svara: »Eg veit ikkje kvar de er ifrå.«

Då kjem de til å seia: »Vi har ete og drukke ilag med deg, og du lærte på gatene våre.« Men han skal svara: »Eg veit ikkje kvar de er ifrå. Gå bort frå meg, alle de som gjer urett.« Og de skal gråta og skjera tenner når de får sjå Abraham og Isak og Jakob og alle profetane i Guds rike, men de sjølve er kasta utanfor. Og det



Berge Furre er kendur politikari og kirkjumaður í Noregi

skal koma folk frå aust og frå vest, frå nord og frå sør og sitja til bords i Guds rike. Og sjå, nokre av dei siste skal verta dei fyrste, og nokre av dei fyrste skal verta dei siste.» (Luk 13, 23-30) Slik lyder Herrens ord.

Vi er bra folk, dei fleste av oss. Vi gjer ikkje så mykje gale i det daglege. Vi vedkjennest vår kristne tru. Vi gjev almisser til Kirkens Nødhjelp og misjonen.. Vi går i kyrkja, tek imot nattverden. Vi lever innanfor trygge, kristelege grenser. Og trur oss vel »bevart« for Guds rike.

Og så kjem Jesus idag og sprengjer desse trygge, kristelege grensene. Eg kan koma til å stå framfor ein stengd dør og ropa: Slepp meg inn! Men døra går ikkje opp. Eg er utestengd: »Eg veit ikkje kvar de er ifrå. Eg kjenner deg ikkje.« vert det svara.

Det er andre som skal koma til Guds store kjæleiksmåltid: For »punchline« i teksta er dette: »Og det skal koma folk frå aust og frå vest, frå nord og frå sør og sitja til bords i Guds rike.«

Andre. Ikkje oss. Vi er utestengde frå Guds store bankett for uventa gjester – eg sag ein boktittel om denne teksta. Teksta svir – svir i mitt trygge, kristelege sjølvmedvet.

Eg har preika på bots- og bededag før. Eg har aldri hatt vanskeleg for å sjå mange andre som burde gjera bot. Og eg har sagt frå om det – høgt og tydeleg. Men denne teksta idag rårar meg – og kanskje ikkje berre meg. Den trygge velordna kyrkja med tusen års kristendom i Noreg, midt i eit Europa med nesten to tusen års kristendom. Med statsløn og varme bedehus og vakre katedralar og offentleg velvilje i klingande løyvingar over stats- og kommune-budsjett. Det er ikkje sikkert at det er vi som står fyrst framfor Guds dør. »Er det få som blir frelste?« Berebjelkene skakar i kyrkjehuset: Det hjelp ikkje at »Vi har ete og drukke ilag med deg, og du lærte på gatene våre.«

Orda kjem som piskeslag: »De skal gråta og skjera tenner når de får sjå Abraham og Isak og Jakob og alle profetane i Guds rike, men de sjølve er kasta utanfor.« Utanfor. Utestengde. Vi. Så sat eg framfor PCen og skreiv på denne preika. Stod litt fast. Korleis koma vidare? Da kjem der ei grå lita rute på skjermen: »You have new mail!« Det er ny post til deg. Eg klikkar over. Frå ein nettstad i eit fattig land i Latin-Amerika kjem ein tekst over internet


som kallar seg: »Dei utestengtes rop« – eller »dei utestengdes skrik« - »Grito dos excluidos«:

»Frå djupet av våre hjarto, frå oss, dei utestengte på jorda, bryt det fram eit rop av protest mot ulikskap og urett i den verda der vi lever. Vi er alle passasjerar på det same skipet, planeten Jorda.. Likevel – som det var den gong på skipa til kolonisatorane og som idag på dei transatlantiske flya – så er klassene ulike: På fyrste klasse sit ein liten minoritet og nyt privilegia av dagens forbruksreligion, med enorm overflod, med antisosiale haldningar, med likesæle for livsmiljøet. Dette mindretal får bruka den mest avanserte medisinen, får utdanning, kultur, får utnytta den mest moderne teknologi. Medan livet til fleirtalet av menneska på jorda kvar einaste dag er offer for svolt, for sjukdomar, for vald og utbytting. Vårt rop rettar seg mot eit slag økonomisk globalisering som gjev alle fordeler til nokre få utvikla land, øydelegg dei fattige og avslører sitt verkelege innhald: Global-kolonisering.«

Brukar Gud internet? Mange brukar nettet. De får døma sjølv av det som no kjem. Men dette snudde teksta for meg – til ei heilt anna preike enn den eg hadde tenkt.

For no steig eit minne opp for meg: Dei utestengtes rop – i Porto Alegre, millionbyen sør i Brasil. Eg såg det lange toget av »os excluidos«, dei utestengde frå velstand og velferd – ein haustdag: Dei kom frå skura av plankebitar og blekkplater i slumstroka og kravde hus å bu i, dei kom frå den utfattige landsbygda og kravde eit stykke jord å leva av, dei kom frå den grå heren av ledige, dei som kjende svolten nesten kvar dag, dei fattige som den nye globaliserte økonomien ikkje hare bruk for. Dei var dei utestengte. Frå dei lydde »Grito dos excluidos« – dei utestengtes skrik – ikkje berre frå Porto Alegre, men frå nesten heile den kloten der dei fattige ropar mot stengte dører. Og der vi i den rike verda er innanfor – har stengt døra vår – og sit til bords i dei rikes gjestebod – dei rikes bankett.

For husbonden på jorda



Berge Furre við telduna í ferð við at skriva sína prædiku

her i Noreg idag – vi – har reist oss og stengt døra for dei som står utanfor og bankar på og seier: »Herre, lat opp for oss!« Vi – dei rikes husbonde – svarar dei fattige utestengte : »Eg veit ikkje kvar de er ifrå.«

For meg vart dagens tekst ein tekst om dette – om ekskludering og inkludering – om korleis vi stengjer ute, og om vi inkluderer. Vi her nord som flyt rundt på eit oljefat i ein ufatteleg rikdom – ufatteleg for dei aller fleste på jorda. Vi har tredobla vår velstand på tretti år, fortel statsministeren. Vi er seksti gonger så rike i vårt forbruk som den fattigaste femdelen på jorda. Vi sit til bords i dei velfødde gjesters bankett. Medan Jesus varslar Guds store bankett for dei uventa gjester – for andre enn oss. Vi har nok med vår bankett.

Høyrer vi dei utestengtes rop? Fortvilte asylsøkjjarar som vert stansa ved grensa, ein milliard menneske som svelt på jorda, som saknar alt, og mange av dei som svelt må gjera det for å betala u-landsgjelda til oss. Og høyrer vi – tvers gjennom vår aukande velstand – detause ropet frå dei vi stengjer ute i vårt eige samfunn: Nyfattigdom. Det skal finnast sytti tusen fattige born her i verdens rikaste land. Dei funksjonshemma vi helst ikkje vil vita av i eit samfunn der salsverdi held på og blir den eine berande verdi..

Eg var gjest på kongressen til dei jordlause si rørsle i Brasil no i haust – 12000 utsendingar, dei fattigaste frå slumstroka, frå storgods, frå arbeidsvandringar, frå armod. No tok dei kampen opp for jord til å leva av for menneskeverd. Dei tok vel imot meg. Men korleis såg eg ut – eg frå oljelandet, frå luksus-

landet?

»Jorda er Guds – jorda tilhøyrer alle!« stod det på store transparangar. Finst det ein politikar i vårt land som vågar ein tilsvarende parole her: »Oljen er Guds – oljen tilhøyrer alle.« Med eit minimum av skapartru veit vi at oljen er lagd i Nordsjøen av skaparen – ikkje av oss. Så skulle vi forvalta han i skaparens namn. Og vi forvaltar – i eit oljefond som skal sikra oss størst mogleg fortjeneste, enda større rikdom framover – særleg i krisetider når andre lid naud. Vi flottar oss i luksus no når oljeprisen er skyhøg – så høg at fattige land søkk ned i enda djupare krise fordi dei ikkje kan betala. Husbonden i det rike landet har reist seg og stengjer dei ute ...

Korleis ser vi ut? Kan den andre husbonden, han som står ved døra til Guds store bankett, kan han kjenna oss att, vi trugne kyrkjegjengarar? Eller seier han »Eg veit ikkje kvar de er ifrå. Gå bort frå meg, alle de som gjer urett.« For de har alt teke for dykk av dei feite rettane ved den rike verdens store bankett.

For han står ved ei anna dør – inn til dei utestengdes bankett, dei uventa gjesters bankett: »Folk frå aust og frå vest, frå nord og frå sør.« Skal vi gråta og skjera tenner – skal vi bli dei utestengde – medan dei vi stengte ute skal koma til Guds store bankett for dei uventa gjestene?

Dei fattige på jorda, dei er det krossfeste folket, ropar frigjeringssteologar i den tredje verda til oss. Dei skal reistast opp – av Gud som sprengjer våre tronge grenser og våre sjølvnøgde omgrep om tru, om moral, om rett. Dei ber krossmerket på sin rygg – dei deler sin kross med den

krossfeste frelsar. Dei får lovnad om billett til Guds store bankett for dei uventa gjester.

Men oss da – utanfor: »Strid alt de kan for å koma inn gjennom den tronge døra!« Finst der framleis ein dørsprekk – kanskje? Da er der er ingen annan veg dit enn Jesu Kristi kross – heller ikkje for oss. Der er ingen annan veg enn gjennom bot og bøn – forandring i oss. Er vi ei kyrkje som ser uretten – som vedtek nokre resolusjonar – og berre let uretten vera der? Gøymer oss bak smuler vi gjev frå oss? Er vi ei kyrkje som vågber om tilgjeving – ikkje berre for synder vi har gjort mot minoritetar og svake grupper i fortida – men også ser syndene våre idag, at vi gjer urett?

Er vi menneske som bøyer oss under vekta av Kristi kross? Da ligg der kanskje – kanskje – noko til oss i siste setning i teksta eg preikar over: »Og sjå, nokre av dei siste skal verta dei fyrste, og nokre av dei fyrste skal verta dei siste.«

Men så kan da ikkje eg – eller du – forandra verda, vesle avmektige oss? Skal eg – skal du – dømast fordi vi ikkje har makt til det? Eg trur Gud spør oss ganske konkret idag på Bots og bededag: Kven er det eg stengjer ute? Kven kan eg inkludera i mitt liv? Korleis kan mi haldning hjå vesle meg til forbrukarsamfunnet bli slik at vi saman – mange – kan gjera forandring mogleg? Bot – tilgjeving – kjærleik: Ein ny sjanse framfor døra til Guds store bankett – bak dei uventa gjester.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage Anden som var, er og vera skal ein sann Gud frå æva og til æva. Amen.

Berge Furre - curriculum vitae

Born 1937 in Sjernarøy near Stavanger, Norway.

Professional:

Student at the University of Oslo 1955. Studies in history, religion and political science.

Graduate degree (cand.philol.) 1968. Main subject: History of farmers' co-operatives.

Research scholarship – University of Oslo 1969-71.

Lecturer of History at the University of Tromsø from 1971, Associate professor from 1975, professor of modern Norwegian history 1985-86.

Professor of Theology (Church history, Church and society) at the University of Oslo since 1991.

Studies at the Escola Superior de Teologia, Sao Leopoldo, Brazil 1998-99

Political office:

Member of AUF (Labour Youth) 1955-58, appointments in different political and general students and youth associations. Socialist People's Party (SF): Party secretary 1961-64.

Member of Executive committee of SF 1969-71.

Vice chairman of SF 1971-76.

Socialist Left Party (SV): Member of Stortinget (Parliament) 1973-77.

Chairman of the Parliamentary Standing Committee on Agriculture.

Parliamentary Leader of SV 1975-76. Party chairman (general secretary) 1976-83.

Member of Executive committee of SV 1983-85.

Chairman of the foreign policy commission of SV 1987-89.

Member of Foreign policy commission of SV since 1989.

Member of The parliamentary Inquiry Commission on the Secret Services 1994-1996.

University.

Member of the council of the Theological faculty at The University of Oslo 1992-1997.

Leader of the Institute for church history since 1996.

Coordinator for the research education programme of the theological faculty.

Member of The norwegian academy of Sciences since 1998.

Church posts:

Secretary of Norwegian FOR 1955-57.

Member of the Oslo diocese council of the Norwegian (Lutheran) church and member of the Synode of the Norwegian church 1986-1994.

Member of the council for foreign relations of the Norwegian lutheran church 1986-94.

Member of the Church's Committee on international questions 1986-94.

Member of the Committee on Peace, Justice and Human Rights of Conference of European Churches (CEC) since 1988.

Member of The Churches' Human Rights Program Committee of CEC and the Councils of Churches of USA and of Canada since 1988.

Member of the board of The Oslo City Mission since 1991.

Chairman of the executive committee of the Oslo City Mission for the administration of the institutions for treatment of the drug addicts and alcohol abusers (Driftsstyret i Kirkens Bymisjon for rusinstitusjonane).

Member of the church commission to

evaluate the relations between church and state and the course of the church towards the next century (Bakkevigkomisjonen) – 1998

Ordained as a pastor in The norwegian evangelical lutheran church March 1st 1988.

Main publications:

Norsk historie 1905-1940. Oslo 1971 (Norwegian History 1905-1940).

Mjøl, Bønder og Tingmenn. Oslo 1971 (Milk, Farmers and Parliamentarians)

Forsvar for fred. Oslo 1983. (In defence of Peace. Coauthor Ingolf Håkon Teigene).

Frå informasjon til kulturarv (red) 1984. (From Information to Cultural Heritage. Editor.)

Soga om Lars Oftedal I og II. Oslo 1990 (The Saga of Lars Oftedal)

Norsk historie 1905-1990. Oslo 1991 (Norwegian history).

“No til EU” (“Nei til EU”) i Gyldendals pamfletter”) Oslo 1994.

Norsk historie 1914-2000.Oslo 1999 and 2000.

Miscellaneous:

Member of the board and vice chairman of »Noregs Mållag« (The union to promote the »New-Norwegian« Language) 1968-70.

Editor of the monthly periodical »Syn og Segn«.

Member of the board of the People's Movemement against Norwegian Membership in the European Community 1971-72.

Member of the board of Norwegian Historians' Union 1989-90.

Co-author of several history features in radio and television.

Articles in different periodicals about history, politics, church etc.

Deputy leader of the board of The Norwegian Theatre since 1985 (Nestformann i styret for Det norske teatret.)Leader since 1997.

Studies in Brasil 1998-1999.

Mentor in education program of »top leaders« in the Norwegian Railroad company (NSB)

Eilert Sundts Forskningspris (The Eilert Sundt Research Prize) 1972.

»Fagbokprisen« 1992.TANO Forlag.

(The »Non-fiction« Book Prize)

»Språkprisen 1993« (The Norwegian Language Prize 1993 awarded by The Norwegian Language Council.)

Norwegian Farmers Unions honour at the 100 years anniversary 1996 («Norges Bondelags jubileumspris for godt bondevete»)

The award of the Cultural comiteen of the Students at the Theological faculty, Oslo 1998.

»Jon Sundbys »Erespris« 1997 - a prize for commitment to the problems and future of agriculture and cooperative production, given by the farmers movement and the cooperative organisations in agriculture.

Committed to the cause of the asylum seekers and the »Church asylum movement« 1993-94. Visited Kosova and other parts of former Yugoslavia with a delegation nov. 1993 and produced a comprehensive report (in Norwegian and English).

Columns in Aftenposten and Stavanger Aftenblad (until 1998).